

Framleis merknad til Halsabrotet-planen

16.01.2012

Monica Storevik og Frode Myklebust har framleis merknadar på 3-mannsbustaden som er teikna inn nedanfor dei i reguleringsplanen for Nedre Halsabrotet. Dei er redd denne vil bli veldig stor og dominerande med ein taklengde på 27 meter og at den vil byggja inn heile egedomen deira.

Storevik og Myklebust meiner huset bør byggjast om til ein 2-mannsbustad og at det bør vera valmtak for å gjere husa mindre dominerande med tanke på utsikten.

Etter teiknforklaringa har dei ingen merknadar til høgda på huset men vil koma attende hvis det blir endringar på dette.

Dei har og merknadar til avløp og drenering og spør om dette er tenkt inn på eksisterande avløp frå Halsabrotet. Dette meiner dei er underdimensjonert og det har laga problem fleire gongar.

Fortauet er teikna inn slik at det stoppar midt i bakken og Storevik og Myklebust meiner kommunen bør nytte høvet til å få fullført fortauet heilt opp i ekisterande byggjefelt.

Av Ola Matti Mathisen